

TA TUREN 2026

TURPROGRAM FOR KVINNHERAD TURLAG
OG KLYPPEKORT FOR KVINNHERAD FJELLTRIM



Kvinnherad Turlag
Bergen og Hordaland Turlag





KVINNHERAD TURLAG

Kvinnherad Turlag er eit lokallag av Bergen og Hordaland Turlag og Den Norske Turistforening. Alle som melder seg inn i Den Norske Turistforening, og har postadresse Kvinnherad, er automatisk medlem av Kvinnherad Turlag og Bergen og Hordaland Turlag. Barnas Turlag, Fjellsportgruppa, Seniorgruppa, Ungdomsgruppa og hytteutvalet er undergrupper i Kvinnherad Turlag.

Kvinnherad Turlag samarbeider med idrettslag og andre friluftsrretta organisasjonar som legg til rette for turgåing i skog og fjell.

VIL DU BLI MEDLEM?

Du kan melda deg inn i Kvinnherad Turlag via www.turistforeningen.no/medlem

For meir informasjon, sjå: kvinnherad.dnt.no
www.facebook.no/kvinnheradturlag

UT PÅ TUR I KVINNHERAD?

Vi har mange flotte turmål, og mange av turstiane er godt merkte og skilta. Du kan finna turomtale og kart for ulike turmål i heile kommunen på ut.no eller ved å scanna QR-koden.



KONTAKT OSS:

E-post: kvinnherad.turlag@dnt.no

Nettside: kvinnherad.dnt.no

Her finn ein oversikt over tillitsvalde og kontaktpersonar i styre og undergrupper.



Scanna QR-koden.

Følg oss på facebook og instagram under [kvinnheradturlag](https://www.facebook.com/kvinnheradturlag)

TAKK FOR LÅN AV BILDE!

Mari Teigen Varanes, Eldbjørg Teigen, Anne Kari Enes,
Rolf Christian Mehl, Erlend Hellingsrud.

PÅMELDING

Påmelding til turar gjer du via nettsida kvinnherad.dnt.no Under aktivitet finn du alle turane kronologisk. Bruk filter i søket for å finna turen du ser etter. Merk at turane har påmeldingsfrist!

BREIDABLIKK OG FONNABU

Kvinnherad Turlag har ansvar for drift og vedlikehald av Breidablikk-hytta og Fonnabu-hyttene. Hyttene er opne heile året og kan nyttast av alle. Turen frå Bondhus inn Bondhusdalen om Gardshamar til Breidablikk tar om lag fire timar. Frå Breidablikk til Fonnabu er det ein liten times gange. Stien er varda og T-merkt. Breidablikk (1.322 moh.) er Bergen og Hordaland Turlag si eldste hytte frå 1893 og ligg ved heimste enden av Breidablikkbrea. Hytta har fire senger og er ubetent, dvs. hytta har ikkje proviant, men er utstyrt med ved, gass o.l.

Fonnabu-hyttene (1.449 moh.) ligg ved brekanten om lag to km sør for Breidablikk. Hyttene er sjølvbetente og er utstyrte med proviant, ved, gass o.l. og har til saman 27 senger. Bestill overnatting på førehand via hyttebestilling.dnt.no. Der vil du sjå ledig sengekapasitet, få tilgang til hytteinformasjon, ruter og turforslag i UT-kartet.

For spørsmål om hyttene kan ein ta kontakt med hyttetilsynet på tlf.nr. 951 96 467 eller bht@dnt.no tlf. 55 33 58 10.

VIL DU BLI MED OSS PÅ TUR?

Alle er velkomne til å melda seg på turar med Kvinnherad Turlag. Ein treng ikkje å vera medlem. Turane har ulik vanskegrad (sjå under gradering). Dersom du er usikker på om turen passar for deg, kan det vera lurt å ta kontakt med turleiaren som er oppført, slik at du får meir informasjon.

GRADERING AV TURAR

Er du usikker på kor krevjande turane er? Dei fleste turane er merkte med gradering og kven turen passar for. Les nøye om turen og nivået på førehand. Då er det lettare å velja riktig tur for deg. På nettsida kvinnherad.dnt.no ligg det meir utfyllande informasjon om kvar tur.

Merk at dei ulike nivåa nedanfor berre er generelle graderingar som ikkje nødvendigvis passar for alle turar og aktivitetar, sidan terrenget kan vera svært varierende. Ein toptur kan til dømes berre vera ein kort dagstur, men gradert som krevjande. Ta derfor kontakt med ansvarleg turleiar viss du treng meir informasjon.

GRØN TUR – ENKEL

lette dagsturar på merkte ruter eller arrangement for alle.

BLÅ TUR – MIDDELS

dagsturar/dagsetappar på inntil 15 km, for det meste på merkte ruter. Passar for deg som er van med å gå med sekk og er i normalt god form.

RAUD TUR – KREVJANDE

dagsetappar på inntil ca. 20 km, delvis utanom merkte løyper. Passar for deg som er i god form og har noko fjellerfaring.

SVART TUR – EKSTRA KREVJANDE

dagsetappar på meir enn ca. 25 km, ofte utanom merkte ruter. Passar for deg som er i svært god form og har god fjellerfaring.



TURPROGRAM 2026

TURPROGRAM HOVUDLAGET

DATO	TURNAMN	TURLEIAR	TLF.NR:	GRADERING
1. februar eller 3. mars	Skitur i måneskin Sjå Kvinnherad.dnt.no for dato og informasjon.			●
14.-15. mars	Skitur i Etnefjella, frå Skromme til Sandvasshytta Ned til Markhus.	Geir Ove Eikemo Jarle Røstbø	47283223 99297383	●
11. april	Skitur i Husnesfjella (Eikedalen – Englafjell – Mjelkhaug – Horgjo - Valen)	Mona Eikemo Røstbø Jarle Røstbø	97722163 99297383	●
18.-19. april	Folgefonna på langs Skitur frå Markjelke til Rosendal. Overnatting i Fonnabu.	Fredrik Brun Anne Kari Enes	98227634 95196467	●
2.-3. mai	Sauabrehytta Vårskitur.	Solveig Haugland Veslemøy Haugland	47266929 41296390	●
9. eller 10. mai	Alvaldsnuten. Skitur frå Vetarhus	Geir Ove Eikemo	47283223	●
25. mai	Holmaskjer, Folgefonna Skitur frå Markjelke.	Sturla Helland Leif Hovden	97024320 95768135	●
14. juni	Fjell & Yoga Fagnabu, Fjellhaugen.	Lene Taranger Tove Omdal	92482126 90944865	●
26. juni	Festifjellet Geitadalstind, Ulvanosa Fjelltur under Festidalen, Uskedalen.	Solveig Haugland Veslemøy Haugland	47266929 41296390	●
15.-16. august	Breidablikk i Kvam Frå Fitjadalen i Øystese.	Tove Omdal Anne Kristin Griggs	90944865 46879571	●
22. august	Frå Vetarhus til Eikemo	Geir Ove Eikemo Gunn Heidi E. Steine	47283223 41324617	●
22.-23. august	Frå Blådalen til Hildalen Overnatting i Blådalshytta.	Helge Furdal Jarle Fossheim	99512585 47641953	●
12. september	Reinsnosi	Emil Stafsnes	48113024	●
28.-29. nov.	Festmat på Simlebu! Turen startar frå Skromme, Rullestad og går til fots via Mjølkestølen. Dersom det er snø, vert det skitur. Pinnekjøtt.	Mona Eikemo Røstbø Jarle Røstbø	97722163 99297383	●

ANDRE TURAR:

19. juli	Opplev Fitjarøyane og Bømlø frå kajakken	Leif Hovden Sturla Helland	95768135 97024320	Kajakk
22.-23. august	Kajakpadling i Husnesfjorden, Tveitøyane Turen vert lagd opp etter vertilhøva. Overnatting i telt.	Leif Hovden Sturla Helland	95768135 97024320	Kajakk
12. september	Skorpo, Skorpefjellet Med kajakk til Skorpo frå Uskedalen.	Ellen Guddal Siv Framnes	95440105 99524607	Kajakk og fottur
31. juli - 2.aug.	Opplev Nærøyfjorden verdsarvområde Verdsarvturen til fots. Overnatting i Dyrdal.	Gunnlaug V. Tjelmeland Leif Hovden	95974438 95768135	Kajakk og fottur



Barnas Turlag

Barnas turlag er eit tilbod til barn opp til 12 år – i følgje med vaksne. Turane vert arrangerte i nærområdet eller litt lengre vekk, og målet er gode naturopplevingar saman med andre. Dagsturar er gratis om ikkje anna er opplyst.

Informasjon om turane vert lagde ut på Kvinnherad Turlag si nettside – www.kvinnherad.dnt.no. Her finn de òg påmelding til alle turar.



DATO	TURNAMN	TURLEIAR	TLF.NR:	GRADERING
1. februar	Kom deg ut-dagen i Tveitedalen Skileik og aking	Mona Eikemo Røstbø m/fleire	97722163	●
15. februar	Skitur til Langelivatnet, Tveitedalen	Emil Stafsnes	48113024	●
April	Paddetur til Bjellandstjødno, Sunde (dato vert kunngjort på nettsida)	Mona Eikemo Røstbø Ann Katrin Røssland	97722163 91147758	●
April	Paddetur i Rosendal (dato vert kunngjort på nettsida)	Martha Sofie T. Varanes Margunn Storækre	99202347 41654582	●
30.-31.mai	Telt/hengekøyetur til Toftåsen, Halsnøy	Emil Stafsnes	48113024	●
6. september	Kom deg ut-dag. Kanopadling og varierte aktivitetar. Holmen, Dimmelsvik	Martha Sofie T. Varanes	99202347	●
5. november	Med lommelykt til Amerika, Herøysund	Mona Eikemo Røstbø Ann Katrin Røssland	97722163 91147758	●



Turboklubben

Husnes

Velkomen til Turboklubben Husnes! Turboklubben er eit friluftstilbod for barn. Me samlast på Husnes eller omegn **annankvar torsdag kl. 17.00-18.30**

og finn på noko kjekt i naturen. Turane/aktivitetane passar best for barn i barnehagealder og tidleg skulealder, i følgje med vaksne. Me legg ut informasjon på kvinnherad.dnt.no om kvar tur nokre dagar på førehand, så melder ein seg på dei turane ein vil vera med på. Følg oss gjerne på [Facebook-gruppa vår: Turboklubben Husnes](#).

Rosendal

Velkomen til Turboklubben Rosendal! Turboklubben er eit friluftstilbod for barn. Me samlast i Rosendal/Omvikedalen **ein gong i månaden kl. 17.00-18.30**

og finn på noko kjekt i naturen. Turane/aktivitetane passar best for barn i barnehagealder og tidleg skulealder, i følgje med vaksne. Me legg ut informasjon på kvinnherad.dnt.no om kvar tur nokre dagar på førehand, så melder ein seg på dei turane ein vil vera med på. Følg oss gjerne på [Facebook-gruppa vår: Turboklubben Rosendal](#).

Turprogram DNT Ung Kvinnherad

For meir informasjon om ungdomsgruppa sitt program, turomtale, pris og påmelding, sjå nettsida kvinnherad.dnt.no Ungdomsgruppa arrangerer turar for ungdom i alderen 13-26 år. Det er alltid minst ein vaksen med-turleiar med på ungdomsturane.



DATO	TURNAMN	TURLEIARAR	TLF.NR:	GRADERING
6. mai	OPPTUR for alle 8.klassingar i Kvinnherad. Turen går til Nordfjell	Klasselærarar og frivillige frå turlaget	992 97 383	●
20.-21. juni	Myrdalsvatnet og Øvre Myrdal. Med kajakk og hengekøye / telt Ungdom 13 - 18 år	Anne Kristin Griggs Ingrid E. P. Fiskerstrand Ingrid Enes-Slettebakken	468 79 571 909 62 195	●
6.-7. september	Vardhaugselet, overnatting	Anne Kristin Griggs med fleire	46879571	●



Turprogram Fjellsport

For meir informasjon, turomtale, pris og påmelding, sjå nettsida kvinnherad.dnt.no

DATO	TURNAMN	TURLEIAR	TLF.NR:	GRADERING
29. august	Rundtur Ænes - Lægdakruna - Rundavatnet - Vatnastøl - Ænes	Erik Lemicka Jarle Røstbø	971 13 085 992 97 383	●

Nærturar for alle

Bli med på inkluderande turar som høver for alle!
Vil du bli kjend med nye folk, oppleve natur og øva på det norske språket, alt på same tid?
Då er desse turane midt i blinken for deg!

Turlaget sine integrerings- og språktreningsturar passar for alle, uansett alder og erfaring.

Har du spørsmål eller lyst til å vita meir? Ta kontakt med Monica Sletten på tlf. 91735871. Du kan melda deg på ved å senda ei melding med namnet ditt til Monica.



DATO	TURNAMN	TURLEIARAR	TLF.NR:	GRADERING
9. mars kl. 1730	Husnesparken og Golfbanen, fottur	Monica Sletten	91735871	●
11. mai kl. 1730	Opsangerneset, fottur	Monica Sletten	91735871	●
7. september kl. 1730	Bjellandsneset, fottur	Monica Sletten	91735871	●
26. oktober kl. 1730	Onarheimslia, fottur	Monica Sletten	91735871	●

SENIORTURAR 2026

DATO	TURNAMN	TURLEIARAR	TLF.NR.	GRADERING
11. februar	Kultur -tur, Halsnøy kloster	Ivar Vaage Nils Olav Støle	995 12 605 918 78 115	
25. februar	Hattebergfossen - Hattebergdalen, rundtur	Solveig H. Sandvik Helga Fossheim	416 91 324 918 50 257	
11. mars	Vasstølsvatnet - Krokavatnet - Teigavatnet, Utåker.	Eldbjørg Teigen Jan Martin Skaaluren	990 42 295 917 26 614	
25. mars	Hjertestien - Kjekavatnet - Dottatjønn, Halsnøy	Anne G. Lindseth Helga Fossheim	906 65 103 918 50 257	
8. april	Tveitedalen - Tveitebotnavatnet - Ljosåno - Handelandsdalen.	Anne G. Lindseth Ivar Vaage	906 65 103 995 12 605	
22. april	Postvegen, Svelland - Åkra	Helga Fossheim Arnt Orholm	918 50 257 970 29 515	
6. mai	Kviteggjo, Omvikdalen	Solveig H. Sandvik Helen S. Røssland	416 91 324 993 59 929	
20. mai	Løvtien, Bergen	Solveig H. Sandvik Helen S. Røssland Marita Handegard	416 91 324 993 59 929 952 75 478	
27. mai OBS!	Skjeldåstrædet/ca. 4 km nord for Tyssedal	Hermund Fenne Jan Martin Skaaluren Helen S. Røssland	917 03 488 917 26 614 993 59 929	
17. juni	Håland -Skånevik	Eldbjørg Teigen Nils Olav Støle Arnt Orholm	990 42 295 918 78 115 970 29 515	
5. august	Blådalshytta	Anne Grethe Lindseth Steinar Kroka	906 65 103 957 68 180	
19. august	Bekkjarvik	Jan Helge Opsanger Steinar Kleven	995 74 139 957 68 199	
2. september	Krokavatnet, Vikøy	Anne Grethe Lindseth Elling Haveland (Toril Tjelmeland)	906 65 103 909 38 249 97691370	
7.-11. sept.	Hovden fjellstoge, Hovden «Hytteturen»	Anne Grethe Lindseth Steinar Kroka	90665103 95768180	Ikkje avklart
16. september	Frå Grydningen - Øvre Grydningen - Blyttene, Blådalen.	Eldbjørg Teigen Elling Haveland	99042295 90938249	
30. september	Vetledalsvatnet, Valen	Steinar Kroka Steinar Kleven	95768180 95768199	
14. oktober	Ingahogg -Fagnabu	Hermund Fenne Eldbjørg Teigen	91703488 99042295	
28. oktober	Postvegen, Sandvoll - Ølfarnes bryggje.	Arnt Orholm Nils Olav Støle	97029515 91878115	
11. november	Ænesdalen	Marita Handegard Elling Haveland	95275478 90938249	
25. november	Bjellandsneset Mat på Gry Helges.	Jan Helge Opsanger Steinar Kleven	99574139 95768199	

SENIORGRUPPA

AKTIV I 100

Seniorturane er del av Aktiv i 100. I tillegg er det 3 andre grupper som går tur kvar veke. Desse turane legg til rette for folk med ulik fysisk form, slik at flest mogeleg har høve til å delta. Kvar gruppe har egne turprogram. Ta kontakt med turleiarane om du vil vera med.

GRUPPE 1:

Hatlestrand/Ølve:
Grethe Ljostveit, tlf 905 53 510

GRUPPE 2:

Handeland/Valen:
Toril Tjelmeland, tlf 976 91 370

GRUPPE 3:

Husnes:
Jan Helge Opsanger, tlf 995 74 139



FJELLTRIMKORT

Eit turopplegg av Kvinnherad Turlag

Pris kr. 100,- inkl. premiering.
Betalning på Vipps # 119219

Kvinnherad Turlag, idrettslaga i Kvinnherad, B.i.l. Søral og lokale bygdelag har lagt ut registreringsbøker og klyppetenger på 16 ulike turmål. Kommunen er inndelt i 8 ulike område med to turar i kvart av dei. Registrer deg på minst 5 turmål - i 3 ulike område. Då har du greidd kravet til fullført fjelltrim.

Lever kortet til **Sport 1 Husnes** eller **Sport 1 Rosendal**. Du kan og senda det på mail til **Tove K. Apeland Omvikdalsvegen 254, 5464 Dimmelsvik** eller på mail (scanna eller ta bilde) til apeland.tove@gmail.com innan 1. november. Det vert premiering av dei yngste trimmarane (t.o.m. 15 år) og utmerkingar til dei som har fullført Kvinnherad Fjelltrim 5, 10, 15 eller 20 sesongar.

Kart: Folgefonna 1:50 000, digitale kart: ut.no
Du kan skriva ut ditt eige turkart med funksjonen «Mitt turkart» på norgeskart.no

Namn:

Adresse:

Fødselsår:

Telefon:

2026

Dato	1 UTÅKER - VALEN	Klypp
	Ulvanosa (Høgetinden)	
	Feto (grillhytta Handelandsdalen)	
Dato	2 HUSNES - HERØYSUND	Klypp
	Mjelkhaug	
	Gråskallen	
Dato	3 USKEDALEN - OMVIKDALEN	Klypp
	Geitadalstind	
	Kviteggjo	
Dato	4 ROSENDAL - LØFALLSTRAND	Klypp
	Melderskin	
	Skålafjell	
Dato	5 ÆNES - MAURANGER	Klypp
	Ænesetra	
	Breidablikk	
Dato	6 VARALDSØY - HATLESTRAND/ØLVE	Klypp
	Varden (Varaldsøy)	
	Blånuten (Ølve/Hatlestrand)	
Dato	7 FJELBERG-HALSNØY	Klypp
	Borgundnuten	
	Tjodbergshaugen	
Dato	8 MATRE-ÅKRA	Klypp
	Ingahogg	
	Svelgabreen/Botnabreen	

Hjelp oss med å halda skilting og merking ved like! Ver gild å melda frå til styremedlemmer i turlaget dersom du oppdagar noko gale med merkinga, klyppetengene eller registreringsbøkene.

TURVIT! Vern om naturen! Mange av turane passerer innmark og beite. Vis omsyn til beitende dyr. Lat att grindar og hald hunden i band!
GOD TUR!

GODE STØTTESPELARAR



5460 Husnes



5462 Herøysund



5460 Husnes



5460 Husnes



5457 Høylandsbygd



5464 Dimmelsvik



5470 Rosendal

-Over 40 år med bil!



5462 Herøysund



5464 Dimmelsvik



5460 Husnes



5460 Husnes

KORLEIS FINNA FRAM TIL TURMÅLA

Dei oppgjevne tidene gjeld gangtid tur/retur i vanleg turtempo, pausar kjem i tillegg. Informasjonstavle med ruteomtale og kart er oppsett ved startpunkta/P-plassane. Informasjon om turmåla er også å finna i faldaren med dei 75 merkte turane i Turstiprosjektet i Kvinnherad.

Meir detaljert informasjon og planleggingskart for kvar einskild tur på nettsida: ut.no eller ta bilde av QR-koden.



1 UTÅKER - VALEN

Ulvansa/Høgetinden 6 t.

Start ved Ternebu i Tveitedalen. Frå P-plassen følgjer ein lysløypa (skogsveg) 1,2 km innover på høgre sida av Bakkastølsvatnet og deretter langs elva til inste brua. Ta til høgre i krysset Englafjell/Ulvansa eit par hundre meter etter siste bru/lysmast i lysløypa.

Feto i Handelandsdalen 1 t.

Start ved Handeland gard. For parkering køyr gjennom gardstunet til P-plass i skogkanten bak garden. Følg skogsvegen langs den stilleflytande elva til Feto med ope grillhus.

2 HUSNES - HERØYSUND

Mjelkhaug 4/5 t.

4 t. frå P-plass der informasjonstavle for Husnes er oppsett ved Husnes Vassverk. 5 t. frå P-plass ved Søsterheimen, Valen.

Gråskallen 3 t.

P-plass ved Grendahuset i Bringedalsbygda. Følg skilting frå bygdevegen opp vegen til vassverket der den T-merkte stien startar. Det er bilveg til vassverket, men vanskeleg å parkera langs vegen.

3 USKEDALEN - OMVIKDALEN

Ulvansa/Geitadalstinden 8 t.

(Nordre topp av Ulvansa). Start frå P-plass ved brua på øvre Haugland. Følg skogsbilveg til kalkestasjonen og T-merkt sti vidare.

Kviteggjo 3 t.

Start ved Nistovetunet på Hjelmeland i Omvikdalen. Skilt ved fylkesvegen viser opp til parkering ved ny, stor fellesfjøs, Revuro. Følg skogsvegen til endes til skilting og T-merking over lita brua.

4 ROSENDAL - LØFALLSTRAND

Melderskin 7 t.

Start frå P-plass på Kletta i Rosendal.

Skålafjell 2/3 t.

2 t. frå Bjørke. P-plass ved Kvinnherad kyrkje. 3 t. frå P-plass ved starten på skogsvegen i Neslia.

5 ÆNES - MAURANGER

Breidablikk 8 t.

Start frå P-plass ved inngangen til Bondhusdalen. Følg merking mot Fonnabu/Breidablikk.

Ænesettra 2 t.

Parkering før/like nord for kyrkja på Ænes. Følg skogsvegen langs kyrkjegarden inn dalen.

6 VARALDSØY - HATLESTRAND/ØLVE

Varden (Varaldsøy) 3 t.

Start frå P-plass ved Øvsthusgarden. Avtal gjerne parkering med folk på staden.

Blånuten (Hatlestrand/Ølve) 2,5 t.

Start frå P-plass ved opplagsplass for tømmer ved Tveitane. Først på skogsveg, deretter spesielt fint opparbeidd sti.

7 FJELBERG - HALSNØY

Borgundnuten (Fjelberg) 3 t.

Start frå ferjekaien på Borgundøy. Set gjerne bilen att på Sydnes, ta ferja over og følg bilvegen oppover til høgste punkt. Derfrå til høgre inn på skogsveg til P-plass og sti til toppen.

Tjodbergshaugen (Halsnøy) 3 t.

Ta av frå vegen til Sydnes ved skilt til Tjodbergshaugen og skytebanen. 30 meter inn til P-plass med informasjonstavle og merkt sti.

8 MATRE - ÅKRA

Ingahogg 3 t.

Start frå Fjellhaugen Skisenter. Merkt frå toppen av skitrekket.

Svelgabreen/Botnabreen 6 t.

Start frå P-plass 150 m før vegenden ved kraftstasjonen Blåfalli IV i Blådalen. Ved overløp frå Møsevatnet kan det vera vanskeleg å kryssa elva ned til Midtbotnvatnet. Gå då over brua ved overlaupet frå Møsevassdammen.